

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

“Tillegg

Hovedutvalg for opplæring og kompetanse gis fullmakt til å gjøre eventuelle justeringer i nærskolematrisen. Justeringer i matrisen skal ivareta de overordnede intensjonene i den nye inntaksmodellen.”

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette på vegne av H, Frp fram slikt forslag:

“Alternativ

1. Fylkestinget innfører et fritt skolevalg i Vestland.
2. Inntaksmodellen i Vestland skal være basert på elevenes karakterer og ikke tillegge poeng på postnummer eller kommunen man bor i.
3. De gamle fylkesgrensene skal ikke lenger gjelde ved inntaksmodellen.»

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag fekk 5 røyster (H, Frp) og fall.

Innstillinga punkt 1-5 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 5 røyster (H, Frp).

Innstillinga punkt 6 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Gadolin sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (1H, Frp).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar framlegg til lokal forskrift for inntak og formidling for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020
2. Fylkestinget vedtar nærskulematrise for Vestland fylkeskommune, datert 19.08.2020, med følgjande endringar: Elever frå Gulen får i tillegg nærskulepoeng til Knarvik vgs Elevar fra heile Alver får nærskulepoeng til Bergen Elevar frå Vik får i tillegg nærskulepoeng til Voss Elevar frå tidlegare Balestrand kommune får i tillegg nærskulepoeng til Høyanger.
3. Nærskulematrisen evalueres kontinuerlig, og utilsikta, negative konsekvenser skal rettast så fort som mogleg gjennom politisk vedtak.

Hovedutvalg for opplæring og kompetanse gis fullmakt til å gjøre eventuelle justeringer i nærskolematrisen. Justeringer i matrisen skal ivareta de overordnede intensjonene i den nye inntaksmodellen.

4. Fylkestinget ønskjer ei særleg evaluering av inntaksregion stor-Bergen. Evalueringa må gje ei grundig vurdering av konsekvensane av den nye modellen, særleg for elevar busett i Bergen med lågare karaktersnitt. Om mogleg ønskjer fylkestinget at ei slik utgreiing lagast med bruk av simulerte opptak, og at utgreiinga kan handsamast hausten 2020.
5. Fylkestinget legg til grunn at denne inntaksforskriften ikkje får konsekvensar for toppidrettstilbodet i Vestland. Fylkestinget kjem attende til organisering av toppidrettstilbodet og inntaket til dette etter at sak om opplæringstilbod 2021-2022 er handsama.
6. Reisetidsgaranti Ingen elevar skal reise unødig langt, og difor meiner vi det skal utredast ein reisetidsgaranti i Vestland